ALVER
KOMMUNE

Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:TBG7DU-Skjemanr.:3935 | Linda Hammersvik Folkestad | 24.02.2022 |
| Vår: 21/498 - 22/15998 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på ferdigmelding - gbnr 137/803 Alver

**Tiltak:** Tilknyting offentleg vatn og avløp
**Byggjestad:** Kubbaleitet 74, 76, 78, 80 og 82 – Bygg 5
**Tiltakshavar:** Reigstad Bygg og Eigedom AS
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.02.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før kommunen kan handsame ferdigmeldinga må hovedanlegg for vatn og avløp være godkjent og overtatt av Alver kommune.
2. Det må sendast inn innmålingsdata/sosifil for privat leidningstikk som går frå hovudleidning og inn i bygget. Kommunen har berre avtale med utbyggar om å måle inn hovudleidninger som skal kommunen skal overta. Private stikkleidninger må røyrleggar sjølv syte for å få målt inn. Alle leidningstikk med utvendige stoppekraner og stakekumer skal være vist på situasjonskart.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs AS | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |